

---

Saksnr:	2020/1401-65
Saksbehandlar	Ingrid Elisabeth Røyseth Melvær
Dato:	25.11.2020

---

---

**Til:** Hovudutval for kultur, idrett og integrering

---

**Frå:** Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering

---

## Tildeling av tilskot til statlege tileigningar, bandlegging av friluftsområde 2020 i Vestland fylke – post 301

Føremålet med statlege midlar til sikring av friluftslivområde, er å sikre areal slik at friluftslivet kan styrkast som ein helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennleg fritidsaktivitet.

Hovudutval for idrett, kultur og inkludering tilrådde i PS 38/2020 i møte den 3. april at Miljødirektoratet skulle gjere vedtak om sikring av prioriterte friluftsområde i Vestland fylke. Av vedlagte dokument kjem det fram resultatet av Miljødirektoratet si handsaming og dei tildelingane dei har gjort til dei enkelte søknadane i 2020.

Den 28.10 og 30.10 arrangerte Vestkystparken (Vestland fylkeskommune i samarbeid med Rogaland fylkeskommune og dei seks involverte friluftsråda) webinar om statleg sikring av friluftsområder. Det var god deltaking frå kommunane i Vestland. Søknadsfrist for tilskot til statlege tileigningar, bandlegging av friluftsområde for 2021 er 15. januar.